



Vinje-senteret

Den stridsynte



Jens Kihl

© 2018 Jens Kihl og Nynorsk kultursentrum

Framsida

Jens Kihl. Foto: Erik Waatland, Medier 24

Publisert etter avtale med forfatteren på Vinjesenteret.no 6. juli 2018

OM DU VEIT ÉIN TING om Aasmund Olavsson Vinje, då veit du dette: Han var *tvisynt*. Han var så tvisynt at det er eit under at han greidde å setje den eine foten framfor den andre når han var ute på litteratur. Dette med tvisynet var nok også det fyrste om Vinje eg forstod at eg måtte vite (utover at eg stadig insisterte på å syngje «Du gamle mor» i musikktimeane på barneskulen). Eg hugsar godt studielivet på Øvre Blindern med *Norsk litteraturhistorie* av professor Per Thomas Andersen: «Det berømte 'tvisynet' som ettertiden har oppfattet som selve grunntrekket ved Vinjes litteratur», skriv Andersen, er eit trekk ved «os fraa Hovudstaden», for vi kan nemleg «sja med eit Augnekast liksom Retta og Vranga paa Livsens Vev».

Kva skal vi med det, spør kanskje du. Vel, vi skal kunne «graata med det eine Augat og læ med det andre». I dag finst det diagnosar for slike sinnsstemningar, men på midten av attenhundretalet var ting meir rett fram. Eller var dei? Neida, sjølv sagt var det ikkje berre vi frå inst i Oslofjorden, pipervikingane, som hadde denne evna, «det er ogsaa denne Dubbelsyn som mange av vaare betre Fjøllfolk hava so merkjeleg af Naturen». Ettetida har for alle praktiske føremål gjort dette ordet til sjølve Vinje-klisjeen. Takk for tvisynet, du.

Vinje var og er ein av våre aller største journalistar. Med «våre» tenkjer eg ikkje berre at han høyrer til denne gjengen som har valt å gjere livet så vanskeleg for seg sjølve at dei har blitt nynorskjournalistar. Nei, her er det snakk om det store vi – alle nordmenn. For betre bladfolk enn Vinje har dette landet kanskje aldri sett – uansett språk. Men der andre journalistar (og lekfolk) berre treng vite at Vinje var *tvisynt* og kanskje *karnevoalesk* (grei ut og drøft skilnaden), så er krava litt høgare på nynorsksida. Er du fyrst bladmann og målmann, ja, då bør du helst vere ein del av Den særeigne nynorske journalisttradisjonen. Den vil ein jo gjerne vere ein del av, men det kostar.

For då skal ein helst vere tvisynt. Om du ser på bruken av ordet «tvisynt» i norske aviser, er det stort sett brukt om sakprosa og journalistikk på nynorsk, og aller mest om hovdingen sjølv. (Eit ærleg unnatak i 2018 er eit band frå Sandnes som har gjeve ut «ein tvisynt hyllest til helgefylla».) Og berre for å ha sagt det: Dette er ikkje ein kritikk av tvisynet. Det å kunne ei sak frå to sider er ganske avgjerande for journalistar. Kan du ikkje det, bør du gjere som journalistar flest no for tida: sjå deg om etter ein jobb i PR-bransjen.

Men er eigentleg Den særeigne nynorske journalisttradisjonen særleg tvisynt? Eg veit jammen ikkje, men eg er i alle fall ikkje særleg tvisynt sjølv – og eg er i uvanleg godt selskap. Tor Jonsson kalla seg Vinje-kopist, men som Andreas Hompland og andre har vore inne på: Tvisynt var han ikkje. Han var her for å dømme levande og døde, og det kan knapt nokon halde mot han. Tor Jonsson var arbeidardiktar, han var rasande på storbøndene, han hadde ikkje tid til Vinjes meinkrokar, han skulle til poenget. Og det er *heller* ikkje så dumt for ein journalist. I årets murstein av ein snakkis, *Nynorsk litteraturhistorie*, omtaler Jan Inge Sørbø Jonsson som tvitydig – men det er vel noko anna enn tvisynt. Som Hompland skreiv i *Dag og Tid* 11. mai 2018: «Der Vinje var tvisynt, var Jonsson einvis.»

Fleire i samtida har det på same måte. Når du opnar nettopp *Dag og Tid* til fredagskaffien, kan du rekne med at du får ein knyttneve frå Jon Hustad rett i bringa. Tekstane er undersøkande, dei er artige, dei gjev plass til alle sider av saka – men dei er ikkje tvisynte. Du er sjeldan i tvil om kor vidt Jon Hustad meiner at det er lurt å sløse vekk skattepengane våre på fjas eller at det er ein god idé å lage eit partiprogram som absolutt ikkje kan gjennomførast.

Hilde Sandvik skriv så vestnorsk at det blir kolonnekøyring og sveleservering berre ho set fingrane på tastaturet. Då kunne ein kanskje tenkt at ho var ein del av Den særeigne nynorske journalisttradisjonen. Men er Sandvik tvisynt? Nei, ho er som Fantomet: hard mot dei harde, somme tider *for* hard for ein sart austlending. Eg trur ikkje ho ser det som sin jobb i livet å la lesarane sitje att som spørjeteikn etter å ha lese tekstane hennar. Det står for mykje på spel til å la tvil råde. Det gjer alltid det.

Desse journalistane, og mange med dei, har kanskje eit skråblikk på verda. Reint optikkfagleg er skråblikk og tvisyn nærskyldde synslidingar. Skilnaden er likevel at vi skjønar kor skråblikket ser, medan tvisynet går i kryss. For nokre år sidan melde eg *Ei gjenreise* av Jon Severud for Mål og Makt. Severud følgde Ferdaminni-ruta, og båe bøkene er skrivne over same lest: Skal ein ha glede av slikt, bør ein «gle seg over at Vinje aldri kjem til poenget, og at dersom han kjem dit, kan du banne på at han motseier seg sjølv», skreiv eg då. Slikt finn du ikkje mykje av hjå Sandvik og Hustad. Derfor kan det høve å prøve ut eit anna omgrep: stridsynt. Det finst ein ganske tydeleg tradisjon for at nynorskjournalistar driv utviding av kampsona – i alle retningar. Den tradisjonen finst sikkert i alle andre skriftkulturar òg, men ikkje minst hjå oss.

Kvifor er så mange nynorskjournalistar ikkje tvisynte, men stridsynte? Det er ikkje sikkert dette er noko særskilt for nynorskbrukarane. Journalistar skal brenne for noko. Dei, eller vi, skal avdekkje urett og stille maktfolket og pengefolket til veggs. Så er det ganske nytt at ikkje store delar av journaliststanden arbeider i partiaviser, der noko av poenget var å markere eit syn.

Tradisjonen for å kombinere undersøking og overtyding har alltid stått sterkt. Samstundes er det ikkje sikkert det er heilt tilfeldig heller, dette med det nynorske stridsynet. Ein bokmålsjournalist kan gå gjennom heile livet utan å bli konfrontert med språkvalet sitt. Bokmål er som Nike: *Just do it*. Nynorsk, derimot, er som Gillette, *the best a man can get*. Ja, det er eit fritt og godt språk, men det krev meir å skrive det. Du vil, ofte eller sjeldan, måtte slå fast at du faktisk har tenkt til å vere nynorskskrivande. Framleis er det målhatarar der ute, og det er i alle fall nok av folk som helst les og høyrer bokmål. Dermed ligg det eit bitte lite opprør i kvar einaste sak ein publiserer på nynorsk.

Og vidare: Dei store redaksjonane som har etablert seg som «nøytrale» – eller «suppa i sentrum», som ein òg kunne seie – har gjerne hatt det til felles at dei (inntil nyleg) har hatt forbod mot nynorsk som redaksjonelt språk. Det beste språket har framleis dei dårlegaste vilkåra. Dermed har nynorskjournalistane funne seg arbeid annan stad, og gjerne i redaksjonar som ikkje dyrkar ideen om den nøytrale journalist.

Det er litt spanande å skrive eit språk som er så farleg at dei mektigaste redaktørane må forby det (men det gjev ein mindre arbeidsmarknad). Slik kan val av arbeidsgjevar bli ein ekstra faktor som dreg i retning av den meiningssterke journalistikken.

Kan denne herdinga gjere nynorskjournalistar meir klare for å kjempe? Kanskje litt? Og det er i så fall ikkje ein dårleg ting.

Det finst ingen nøytral journalist. Alle journalistar har meiningar om det dei skriv om, og det er heilt greitt. Vinteren 2018 var NRK-stjernejournalisten Fredrik Solvang med i podkasten «Stortingsrestauranten», der han snakka med Høgre-politikarane Tina Bru og Henrik Asheim. Solvang fortalde at før kvar Dagsnytt attensending, prøvde han å finne ut kvar han sjølv stod i dei ordskifta han skulle leie den dagen. Slik kunne han betre kjenne på kor eigne sympatiar låg. Då var det òg lettare å oppdage blindflekkar eller dårleg balanse i spørsmåla han skulle stille. Dette er ein metode eg har trua på. Ein journalist kan ikkje vere nøytral. Då bør hen i staden trakte etter å vere fri. Det treng ikkje vere farleg å dele tankar om eigne standpunkt. Gjort på rette måten kan det opplyse både intervjuobjekt og lesarar, slik at dei har høve til å supplere med dei perspektiva dei meiner manglar. Herifrå er det likevel eit godt stykke til den journalistikken som handlar om å plassere journalisten sjølv i sentrum. Å vere open om eigne veikskapar er noko anna enn å gjere veikskapane til sjølve saka.

Sjølv er eg nok ein del av same skule. Eg trur ikkje lesarane tviler på kor eg står. Som Oddny Miljeteig sa om Hordaland SVs plass i stridane i partiet: «Alle veit kor dei har oss i SV: Vi er mot.» Eit snøgt nettsøk vil fortelje kven som helst at eg har brukt store delar av livet på parti- og organisasjonsarbeid. Eg kan ikkje riste det av meg, og då er det vel betre å gjere det til ein styrke. Ved å vere tydeleg om kor ein står, gjev ein lesaren fleire nøklar til teksten, og ein stiller seg lageleg til for hogg frå dei som meiner eg er ubalansert. Det bør ein journalist gjere. Så er det mogleg at nett denne teksten er skriven i sjølvforsvar. Det verkar som ein ganske god idé, gjer det ikkje? Når du fyrst er ein fyr med slagside, kan du prøve å knyte den ubalansen til dei store namna før og no, og dermed er du ikkje ein avvikar, men i staden representant for ein rik og viktig tradisjon. Det kan godt vere.

Eg er ikkje den rette til å avgjere det. Eg meiner likevel at mitt mål ikkje har vore å lure meg unna dei problema eg slit med i min eigen journalistikk. I heile Vesten ser vi at journalistikken blir utfordra frå folk som meiner at deira liv, røymsler og meiningar blir oversett av dei store mediehusa. Svaret frå gigantane har gjerne vore variantar av «nei da, vi er nøytrale», men det er jo ikkje sant sjølv om dei seier det. Sjå på dekninga av EØS-kritikk, streik eller krav frå Distrikts-Noreg i dei store avisene. Det er ikkje forsøk på å vere «objektiv». Det er forsøk på å overtyde frå ein tilrana nøytral posisjon. Å vere EØS-entusiast er ikkje meir objektivt enn å vere EØS-kritisk. «Slik rammer streiken DEG» er ikkje meir nøytralt enn «Her er LOs krav».

Og kva med hovdingen sjølv? Vel, eit heilt liv stod Vinje i meiningstriden i Noreg. Sjølvsagt var han tvisynt, men han var meir enn berre det. Vinje kasta seg inn i dei debattane som gjekk – gjerne meir stridsynt enn tvisynt. Kven bør styre? Korleis skal vi skrive? Kva er det norske? At han seinare kunne endre standpunkt, endrar ikkje at han gjerne hadde éin posisjon om gangen. Til og med «Leitande etter Blaamann» er eit partsinnlegg i debatten om dyrehald.